



Hagetrollet i Eikevegen.

Uskedalen har mange fine kunstverk rundt i bygda. I farten kjem eg på løemåleriet på Rød, grafittmåleria i Pålavegen, på gardsbarnehagen og Elins Matgleder, og så har vi hatt nissefamilien på Hauglandsheio. Etter Englafjellstur i går gjorde opphavet meg merksam på eit artig og flott troll i Eikevegen. Det måtte eg sjå!

Ikkje langt oppi Eikevegen trefte eg på trollet på høgre side av veggen. Det kika morskt på meg over brillene sine. Eg fekk med ein gong mistanke om at kunstnaren kunne vera Øystein Enæs, og det viste seg å stemma. Han fortalde at det er laga på rota etter ei gran som stod der.

- Eg laga det vel for barnebarna for 8-10 år sidan. Etter det har det framstått i ulike fargar og framtoningar frå år til år. No er det blitt gammalt så i år har det fått brillar og større øyrrer, fortel Øystein om kunstverket som han kallar Hagetrollet. Eg vil sei det er ein moderne gamling, for ring i nasa har det også fått!

Han fortel at mange forbi-passarande stoppar opp, studerer det og let seg fotografera saman med det. Nokre held til og med rundt det!

At det er populært skjønar eg godt! Artig og fint er det, og at det gjer turen opp den bratte Eikevegen lettare, er det ikkje tvil om.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat